

## Ordføraren sitt hjørna – september 2008

Hemsedal kommune driv eit prosjekt som heiter Norges Friluftshøgskole (NFH). Det er over 2 år sidan me starta dette arbeidet. Det var aktørar i reiselivet som kom med innspelet om utdanning av guidar, der kunnskapen om naturen, kulturen og historia burde bli betre. Det er noko gjestene våre etterspør saman med opplevingar av ymse slag. Dette har no enda opp i arbeidet for å få til ei profesjonsretta høgskuleutdanning med hovudbase her i Hemsedal.

”Norges Friluftshøgskole skal vera ein internasjonal profesjonshøgskole for utdanning av guidar / vegleiarar og tilretteleggjarar med natur og kulturlandskap som arbeidsplass.” Dette er målet for skulen.

Dette er ei utdanning der læring og praksis går hand i hand. Me må ha lokaler for administrasjon og undervisning, men det viktigaste klasserommet er i naturen. Me såg derfor tidleg at Hemsedal har ikkje all den natur som er nødvendig for å femje over alt. Me manglar fjord og og hav. Derfor vende me oss til Stranda og Norddal kommunar på Sunnmøre med verdensarvområda rundt Geirangerfjorden, for å høyre om dei ville vera med i prosjektet. Det sa dei ja til, og det er dermed mogleg å utdanne folk i alle typer natur.

Me har heile tida visst at det er vanskeleg å starte opp ein ny høgskule finansiert over Statsbudsjettet. Me har hatt informasjonar i fleire departement og fått positive tilbakemeldingar alle plassar. Me fekk råd om justeringar, noko me har lytta til samstundes er arbeidet med fagplanar sett i gang slik at me har eit solid prosjekt som blir arbeidd framover steg for steg. For eit års tid sidan kom eit utval, Stjernøutvalet, med si innstilling for framtidig organisering av universitet- og høgskuleutdanninga i Norge. Den seier at høgskular skal organiserast under universiteta og at det bør vera 7-9 universitet i Norge. Dette hadde me fått visse signal om, så me var alt då i samtalar med Universitetet for Miljø og Biovitenskap (UMB) – det som før heitte Landbrukshøgskulen på Ås – for eit mogleg samarbeid. 12. juni i år gjorde styret på UMB eit positivt vedtak om samarbeid. Norges Friluftshøgskule og UMB skal jobbe i lag for å realisere NFH som ein del av UMB, men med Hemsedal som hovudbase. Dette var eit viktig vedtak for oss.

Det er framleis ein stor jobb som må gjerast. Arbeidet med fagplanane held fram, men no med kompetanse (personar) frå UMB i tillegg. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta eit års tid før det er ferdig. Det er frikjøp av mange personar og vil derfor koste ein del. Samstundes må me i styringsgruppa drive eit godt lobbyarbeid inn mot Storting og Regjering. For å kunne få til ein skulestart hausten 2012, må det inn pengar i Statbudsjettet frå og med 2010 for å starte bygging med meir. Det blir nok mange utfordringar framover.

Denne høgskulen er svært viktig for Hemsedal. Den vil gje oss mange arbeidsplassar og eit kompetansemiljø for høgare utdanning, som vil vera viktig for andre etableringar også. Kommunen vil få mange utfordringar med lokalitetar for skulen, tilsette og elevar, men det skal me sjølv sagt greie.

God haust